



Skatteetaten

Datoen vår
22.05.2018

800 80 000
Skatteetaten.no

Org.nr
991733108

Datoen din

Referansen din

Referansen vår
2012/159704

Sakshandsamar
Torill Elisabet Hauken-
Johnstad
Telefon
55578383

Postadresse
Postboks 8103
4068 Stavanger

RÅDMANNEN I ÅRDAL KOMMUNE
Statsråd Evensens veg 4-6
6885 ÅRDALSTANGEN

Rådmannen i Aurland
Rådmannen i Balestrand
Rådmannen i Høyanger
Rådmannen i Leikanger
Rådmannen i Luster
Rådmannen i Lærdal
Rådmannen i Sogndal
Rådmannen i Vik

Skatteoppkrevjaren i Balestrand kommune
Skatteoppkrevjaren i Høyanger kommune
Skatteoppkrevjaren i Leikanger kommune
Skatteoppkrevjaren i Lærdal, Aurland og Vik
kommune
Skatteoppkrevjaren i Luster kommune
Skatteoppkrevjaren i Sogndal kommune
Skatteoppkrevjaren i Årdal kommune

Arbeidsgjevarkontrollen i Indre Sogn - tilrådingar med omsyn til kontrollordninga

Me syner til tidlegare kontakt angående den kommunale arbeidsgjevarkontrollen i kommunane som inngår i Indre Sogn Arbeidsgjevarkontroll, og då særleg til rapporten frå sist stadlege kontroll av ordninga dagsett 16. juni 2017.

Skatteoppkrevjarane har ansvaret for å føre kontroll med at arbeidsgjevarane utfører pliktene dei er pålagde etter skatteforvaltningslova, skattebetalingslova, folketrygdlova og bokføringslova på skatte- og avgiftsområdet. Pliktene til skatteoppkrevjaren er óg tekne inn som eit eige punkt i skatteoppkrevjarinstruksen § 5-1 nr. 1-3.

Skattedirektoratet har sett krav om at skatteoppkrevjarane årleg skal gjennomføre kontroll av 5 % av arbeidsgjevarane i kommunen. Skatt vest har over ei årrekke uttrykt bekymring for kontrollomfanget på arbeidsgjevarområdet i Indre Sogn. Dette vart óg omtala i rapporten frå den stadlege kontrollen i 2017. Skattekontoret gav her pålegg om å sikre at arbeidsgjevarkontrollen blir utført i eit naudsynt omfang.



I tillegg vart det gjeve pålegg som gjeld den faglege utføringa av kontrollarbeidet. Det vart til dømes påpeika at både utplukket av kontrollobjekt og dokumenteringa av dette arbeidet var mangelfull, og at kvalitetssikringa av rapportar ikkje var god nok.

I rapporten bad skattekontoret om ei skriftleg tilbakemelding frå kvar einskild kommune. Kommunane vart óg bedne om å vurdere om det er føremålstenleg å halde fram med ordninga slik ho er i dag.

Me har blitt kjende med at det blir arbeidd med å fornye avtalen som ligg til grunn for Indre Sogn AK. Skatt vest har som tidlegare nemnt ikkje vore nøgd med resultata som ordninga har levert over ei årrekke, og har ved fleire høve kome med pålegg og tilrådingar for å påverke skatteoppkrevjarane til å sikre ei meir robust ordning.

Skattekontoret skal vere ein pådrivar for at interkommunale samarbeid vert etablerte. Eininga SKO Styring og kontroll i Skatt vest har sett oppfølginga av kontrollordninga i Indre Sogn som ei av sine hovudoppgåver i 2018.

Skatt vest vart invitert til Sogn regionråd sitt møte i Balestrand den 3. mai i år. Her presenterte me vedlagde lysbiletsett, i tillegg til at me gjorde greie for situasjonen frå skattekontoret sin ståstad. I dette møtet gav me tydeleg uttrykk for at me ikkje såg den eksisterande ordninga som tenleg for framtida, og at me ikkje tilrår å halde fram med ordninga slik ho er i dag.

Det er fleire moment ved den eksisterande ordninga som me ikkje ser som eigna til å skape ei robust ordning:

Kontrollomfang:

Det samla kontrollomfanget for alle dei ni kommunane utgjer om lag 78 kontrollar kvart år. Dagens ordning har som målsetjing å ta 35-40 kontrollar årleg. Dette inneber som kjent at kvar einskild kommune må syte for å ta ein del kontrollar i eigen regi for å sikre at kravet vert nådd. Samstundes inneber dette at kontrollordninga ikkje kan forsvare å ha meir enn to tilsette.

Skattekontoret meiner bestemt at dagens ordning ikkje er ei fullgod løysning, både med omsyn til kommunen og til dei tilsette i kontrollordninga. Å arbeide med arbeidsgjevarkontroll stiller store krav til å meistre eit omfattande fagfelt som er i rask endring, og frå vårt synspunkt er dette ei heiltidsoppgåve. Til samanlikning bruker Skatteetaten mykje tid på å bygge opp kompetansen i kontrollmiljøa våre, nettopp fordi dette er eit komplisert område som krev ei spesialisert satsning. Me ser óg at det er ein føremon å ha eit større fagmiljø med tanke på dei ulike problemstillingane som dukkar opp i samband med kontroll saker. Tilrådinga til skattekontoret er difor å la kontrollordninga få totalansvaret for alle arbeidsgjevarkontrollane i dei ni sognekommunane, og at ordninga utgjer om lag 4-5 årsverk. Me vil óg be skatteoppkrevjarane om å vurdere om det vil vere ein føremon å ha eit samla resultatkrav for ordninga under eitt, og ikkje per kommune. Dette vil auke fleksibiliteten med tanke på kva kontrollar som skal prioriterast innanfor ordninga sitt stadlege virkeområde.



Storleik og lokalisering:

Ordninga rapporterer så og seie i kvar årsmelding om problem med å sikre kontinuitet på grunn av avgang og andre utfordringar, og den manglande resultatoppnåinga har i fleire år vorte forklart med dette. Skattekontoret har sjølvstilt forståing for at det kan inntreffe uventa hendingar som vil påvirke resultatata mellombels, men for Indre Sogn AK har dette vore ein gjennomgåande tendens over ei årrekke.

Etter vårt syn vil kontrollordninga stå betre rusta for sjukefråver og avgang dersom den vert utvida til å ha fleire kontrollørar.

Kommunane har det administrative ansvaret for skatteoppkrevjaroppgåvene. Vi ber kommunane og skatteoppkrevjarane om å vurdere å leggje administrasjonen av kontrollordninga til ein annan stad i Sogn. Erfaring over mange år syner at det ikkje har vore mogeleg å byggje ei robust ordning i Årdal.

Til samanlikning vert nesten all arbeidsgjevarkontroll i Hordaland utført av Kemneren i Bergen, og i Rogaland er oppgåva i hovudsak delt mellom Kemneren i Stavanger og Kemneren i Haugesund. Vår erfaring er at dette gjev ordningar med god kontinuitet som leverer gode resultat over tid.

Vegen vidare – Ny måte å arbeide med arbeidsgjevarkontrollen på

Skatteetaten er no inne i si største omorganisering nokonsinne, med verknad frå 1.1.2019. Skatteregionane slik me kjenner dei i dag vil bli borte og verte erstatta av landsdekkande divisjonar. Den faglege oppfølginga frå skattekontoret si side vil som ei direkte følgje av dette ikkje lenger skje frå Bergen. Skatteetaten skal ha den same rolla overfor skatteoppkrevjarane som i dag, men oppgåvene vil verte utførte frå færre stadar. Bakgrunnen er behovet for å møte ressurs- og kompetanseutfordringar framover. Samstundes ser me at måten skatteoppkrevjarane skal utføre arbeidsgjevarkontrollen på vil endre seg. Eit døme på dette er "kunnskapskontrollane" i år, som skatteoppkrevjarane har fått ein stor del av ansvaret for. I takt med utviklinga av analysane til Skatteetaten, vil fokuset dreiest frå lokal (uformell) kunnskap om arbeidsgjevarane i kommunen, til meir objektive kriterium for utplukk av arbeidsgjevarar som skal kontrollerast. Dette vil både gi meir treffsikker planlegging av kontrollar, og syte for meir likskap og rettstryggleik.

Skattekontoret vil framheve at tilrådingane som kjem fram av dette notatet er av omsyn til kommunane og regionen si utføring av arbeidsgjevarkontrollen. Skatt vest kan ikkje støtte å halde fram med ei kontrollordning som i hovudsak er lik den som er i dag. Me oppmodar sterkt om at kommunane og skatteoppkrevjarane i Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal kommune tek omsyn til skattekontoret si tilråding i sitt arbeid med ein ny avtale om samarbeid om arbeidsgjevarkontroll i Sogn.

For spørsmål og ytterlegare informasjon kan de kontakte underteikna.



Ver vennleg og vis til referansen vår ved seinare korrespondanse i saka.

Med helsing

Jan Kåre Strøm
fung. Avdelingsdirektør
Avdeling innkreving
Skatt vest

Torill Elisabet Hauken-Johnstad
seniorskattejurist
SKO Styring og kontroll
Skatt vest

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.